



POLITIET

MØTEREFERAT

POLITIRÅDET I MELAND, LINDÅS OG RADØY

Deltakrar: Øyvind H. Oddekalv, Sara Sekkingstad ,
Jostein Borlaug, Ørjan Raknes Forthun,
Martin W. Kulid, Jarle Landås, Kristin Moe,
Kjell-Idar Vangberg, Svein Arne Hatlevik,
Ivar Holmaas

Referatdato: 29.11.2019

Referent: Ivar Holmaas

Vår referanse:

Møtedato: 26.11.2019

Stad: Nordhordland lensmannskontor

MØTE I POLITIRÅDET 26.11.2019 KL. 1200-1415

1. Referat/oppfølging av saker frå møtet 21.5.2019

- Ingen merknader til referatet.
- Rådmann Forthun orienterte om status for etablering av Alver kommune. Den nye kommunen vil ha om lag 2000 årsverk fordelt på omlag 3000 tilsette. Det er gjennomført prosjekt på 18 ulike tenesteområde og 90 avdelingar. Det er eit krevjande arbeid med mykje logistikk der tilsette geografisk er plassert på 450 arbeidsstader.

I bygget der lensmannskontoret er vil kun NAV vere plassert i tillegg til politiet.

Det vil verte ein desentralisert struktur på helsetenestene og arbeid opp mot barn og ungdom.

Kommunen er i ferd med å oppdatere rapport om "Helsetilstand og påvirkningsfaktorer". Dette er ein omfattande kunnskapsbasert rapport som seier noko om mange forhold. Rapporten vil vere eit godt bidrag til å få ei felles situasjonsforståing på ulike område. Rapporten vert ferdigstilt i 2020.

Oppfølging:

Når rapport om "Helsetilstand og påvirkningsfaktorer" er ferdigstilt, vert denne sendt lensmannsdistriktet. Ei tverrfagleg tilnærming til ulike felles utfordringar er naturleg.

Nordhordland lensmannsdistrikt

Post: Postboks 33, 5902 Isdalstø
E-post: epost.nordhordland@politiet.no

Tlf.: 56355670

2. Oversikt kriminalitet

- Av aktuelle lokale utfordringar trakk lensmann Vangberg fram utfordringar med rus i ungdomsmiljøet i Meland og vold blant unge. Lensmannskontoret er aktiv i forhold til oppfølging med blant anna bekymringsamtaler.
- Lensmann Vangberg gjekk gjennom diverse statistikk over saksfelte innan ulike kriminalitetsområder i Nordhordland lensmannsdistrikt samt oppklaringsprosent.
- Samla oppklaringsprosent er vel 70 %. Dette er akseptabelt nivå.
- Basert på ei kunnskapsbasert analyse er det bestemt å ha ekstra fokus på tre saksområde i Geografisk driftseining Hordaland. Det er seksuallovbrot og gjengangarar der gjerningsmannen er under 18 år, voldskriminalitet mot offentlege personar (tilsette i barnevern, NAV, politi, politikarar) og arbeidslivskriminalitet i kombinasjon med anna kriminalitet utført av utanlandske aktørar.

Det vart stilt spørsmål og saka vart diskutert.

3. Nytt forliksråd

- På grunn av kommunesamanslåing vert det nokre endringar i forhold til forliksråda. Det vert eige forliksråd for Alver kommune + Modalen kommune. Dei aktuelle kommunane gjennomfører naudsynte endringar.

•

4. Ressurssituasjonen

- Lensmann Vangberg orienterte om ressurssituasjonen. Lensmannsdistriktet har fått tilført ressursar i 2019. Etter at 3 nye er på plass er lensmannsdistriktet nesten tilbake til like mange tilsette som ved starten av 2018.
- Det er lyst ut to faste politikontaktar. Dette er stillingar som i størst muleg grad er retta mot førebyggjande teneste i tillegg til vakt- og beredskapsteneste. Lensmannsdistriktet vil over nyttår ha ein ny politikontakt for Gulen, Masfjorden og Solund, ein politikontakt for Austrheim, Fedje og Modalen og ein politikontakt for nye Alver kommune. Ut over politikontaktane vil minst to andre politibetjentar ha førebyggjande teneste og arbeid mot barn og unge som særskilt arbeidsområde.
- Etter planen skal det nye lensmannskontoret i Masfjorden takast i bruk 2. mars 2020. Opningstida vil frå starten av vere som no. Men med ein ny politikontakt på plass vil det normalt sett vere meir ressursar i regionen.

Saka vart diskutert.

Oppfølging:

- Organisering av drifta av det nye kontoret i Masfjorden vil lensmannen vurdere ut frå dei ressursane lensmannsdistriktet får i 2020.

5. Beredskap

- Endring i arbeidsfordeling og rutinar medfører justering av kva politiet tar del i. Politiet er ikkje med i KKL, men ønskjer å vere inkludert i beredskapsrådet til kvar kommune. Politiet vil ikkje vere ein del av kommunen sitt psykososiale kriseteam, men ha fokus på informasjonsutveksling når det er naturleg.
- Politiet er pålagt å etablere eit Lokalt Rednings- og Beredskapsråd. Info om dette sendt med innkallinga. Målet er å skape god kontakt mellom politiet og aktuelle offentlege og private beredskapsaktørar. Dette er noko nytt og det er

viktig at dette rådet finn ein naturleg plass som eit supplement til det etablerte. Det er naturleg at politiet sin beredskapsansvarleg og dei som jobbar med beredskap i Alver kommune har kontakt i forhold til denne saka. Dette ut i frå at Alver kommune er største kommunen i lensmannsdistriktet. Eit lokalt rednings- og beredskapsråd vil omfatte heile Nordhordland lensmannsdistrikt og ikkje berre Alver kommune. Rådet vil difor vere noko anna enn eit kommunalt beredskapsråd, men truleg omfatte mange av dei same aktørane.

- Etablering av Alver kommune fører til endringar i samansetninga i politirådet. Politiet vil møte med lensmann, NK og politikontakt. Politiet ser det som naturleg at ein stor kommune som Alver vert representert med både ordførar og varaordførar. Men Alver kommune må sjølv vurdere kven som skal representere dei.

Oppfølging:

- Politiet vil vurdere nærare kva omfang og organisering eit lokalt rednings- og beredskapsråd bør ha. Lensmannsdistriktet sin beredskapsansvarleg vil ha kontakt med Alver kommune og deretter kalle aktuelle aktørar inn til eit møte.
- Alver kommune må vurdere kven som skal møte i politirådet vidare og informere lensmannen om dette.

6. Eventuelt

Ingen saker.